



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Boge, Jan Erik	<b>Arkivkode:</b> FE - 033
<b>Arkivsaksnr:</b> 16/1011	<b>Løpenr:</b> 18/2
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	01.02.2018	002/2018
Kommunestyret	22.02.2018	002/2018

## Godkjenning av møteplan for 2018

### 22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg) spurde om det er mogleg å flytta kommunestyret sitt juni-møte ei veke (framover eller bakover), på grunn av kollisjon med andre møte han skal vera med på.

Kommunestyret diskuterte dette, men det vart ikkje sett fram framlegg om endringar i møteplanen.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### KS- 002/2018 Vedtak:

Framlegget til møteplan for 2018 vert vedteke. Det enkelte organ (formannskap, utval, råd) får fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av 2018 dersom det er behov for dette.

Frå og med 2018 skal det i kommunestyret sitt desembermøte leggjast fram sak om møteplan for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret skal der vedta møteplanen for desse organa for det komande året. Det enkelte organet skal ha fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette. Kontrollutvalet, som har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen, fastset møteplanen sin sjølv.

Som følgje av vedtaket vert punkt 21 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. endra, ved at første setning i punktet vert teken vekk og erstatta med innhaldet i teksten i avsnittet ovanfor.

**01.02.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) spurde om kvifor det ikkje er sett av to dagar til budsjettmøte i formannskapet hausten 2018. Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at dette skuldast endringar i gjennomføringa av budsjettprosessen i forhold til tidlegare år.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 002/2018 Vedtak:**

Framlegget til møteplan for 2018 vert vedteke. Det enkelte organ (formannskap, utval, råd) får fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av 2018 dersom det er behov for dette.

Frå og med 2018 skal det i kommunestyret sitt desembermøte leggjast fram sak om møteplan for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret skal der vedta møteplanen for desse organa for det komande året. Det enkelte organet skal ha fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette. Kontrollutvalet, som har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen, fastset møteplanen sin sjølv.

Som følgje av vedtaket vert punkt 21 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. endra, ved at første setning i punktet vert teken vekk og erstatta med innhaldet i teksten i avsnittet ovanfor.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegget til møteplan for 2018 vert vedteke. Det enkelte organ (formannskap, utval, råd) får fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av 2018 dersom det er behov for dette.

Frå og med 2018 skal det i kommunestyret sitt desembermøte leggjast fram sak om møteplan for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret skal der vedta møteplanen for desse organa for det komande året. Det enkelte organet skal ha fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette. Kontrollutvalet, som har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen, fastset møteplanen sin sjølv.

Som følgje av vedtaket vert punkt 21 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. endra, ved at første setning i punktet vert teken vekk og erstatta med innhaldet i teksten i avsnittet ovanfor.

**Dokument som er vedlagt:**

Framlegg til møteplan for 2018

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet i Samnanger kommune.

**Kva saka gjeld:**

Det blir kvart år sett opp ein møteplan for Samnanger kommune. Det går der fram kva datoar kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne skal ha møte.

Det har dei siste åra vore ulik praksis med omsyn til godkjenning av møteplanen. Heile møteplanen for 2017 vart vedteken av kommunestyret (i sak 106/16 den 15.12.2016). Nokre år har ordføraren/rådmannen sitt forslag til møteplan berre vorte lagt fram som orienteringssak i kommunestyret.

I kommunestyremøtet 13.12.2017 vart det delt ut utkast til møteplan for 2018. Det viste seg då at det ikkje er heilt avklart kven som skal fastsetja/vedta møteplanen. I kommunestyret 13.12.2017 vart det derfor berre bestemt datoar for første møterunde i 2018. Kommunestyret bad om å få opp sak om møteplan for resten av 2018 på det første møtet sitt i 2018.

I punkt 21 i Samnanger kommune sitt reglement for kommunestyret m.fl. står det at «ordføraren set opp ordinær møteplan for kommunestyret».

Etter § 32 i kommunelova skal møte i folkevalde organ haldast på dei tidspunkta som er vedteke av organet sjølv, kommunestyret eller fylkestinget, og elles når organet sin leiar finn det påkrevd eller minst 1/3 av medlemmene krev det.

Som det går fram av § 32 i kommunelova kan kommunestyret vedta møteplan for alle folkevalde organ i kommunen. Dette vil også vera den mest praktiske ordninga, fordi det då kan vedtakast ein samla møteplan for kommunen. Alternativet vil vera at kvart enkelt folkevald organ vedtek sin eigen møteplan.

Rådmannen foreslår at det blir innført ordning der det kvart år i kommunestyret sitt desembermøte blir lagt fram sak om møteplan for det komande året. Møteplanen bør omfatta kommunestyret, formannskapet, naturutvalet, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret bør vedta møteplanen for alle desse organa. Det enkelte organet bør få fullmakt til å gjera justeringar i møteplanen sin i løpet av året dersom det er behov for dette.

Ikkje alle organa i avsnittet ovanfor er folkevalde organ, men kommuneadministrasjonen er sekretariat for alle organa. Det vil vera praktisk at kommunestyret vedtek møteplanen for alle organa som kommuneadministrasjonen er sekretariat for, både folkevalde og andre organ.

Kontrollutvalet bør fastsetja møteplanen sin sjølv, i og med at dei har eige sekretariat som ikkje har tilknytning til kommuneadministrasjonen.

Dei siste åra har det vore få møte i rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Dei har stort sett berre hatt møte når det har vore «behov for det», og ikkje etter ein fastsett møteplan. Det er på framlegget til møteplan for 2018 likevel sett opp to møte i rådet for personar med nedsett funksjonsevne.

Som vedlegg til dette saksframlegget følgjer forslag til møteplan for 2018. Det er i forslaget ikkje sett opp møtedatoar for kontrollutvalet (med unnatak av første møte i 2018).